

## **Pressemelding frå verneområdestyret for SVR**

Verneområdestyret for SVR avgjorde i møte 2. mars å trekke inn løyvet for turrennet Sesiåmi 14. mars. Turrennet mellom Valle og Sirdal kan difor ikkje gjennomførast i 2020.

Sesiåmi går gjennom verna område og i viktige vinterbeite for villrein. Den siste tida er det observert fleire mindre flokkar i områda der renntraseen går. Grunna den særleg vanskelege beitesituasjonen i år er det viktig at villreinen får ro der den er.

Sesiåmi har lange tradisjonar og eit arrangement med stor oppslutnad frå kommunane på både sider av heia. Det var difor inga lett avgjer for verneområdestyret å skulle trekke inn løyvet. For 2020 vart det likevel omsynet til villreinen som måtte vege tyngst.

Prokollen frå handsaminga i verneområdestyret vert lagt ut på verneområdet si heimeside ([www.svr.no](http://www.svr.no)) så snart den er klar.